



Vest-Telemarkrådet

Til
Straumnettutvalet

Høyringsinnspel til Straumnettutvalet

1. Vest-Telemark, Notodden og Hjartdal

Vest-Telemark er ein region med kommunane Vinje, Seljord, Kviteseid, Tokke, Nissedal og Fyresdal. Notodden og Hjartdal ligg i Aust-Telemark. Kommunane har om lag 30 000 innbyggjarar og ein vasskraftproduksjon om lag 7,5 TWh. Det er godt utbygd høgspennetnett i området, slik at det aller meste av elektrisiteten blir transportert ut av området.

2. Bygg ny næring/industri nær kraftverka

Kommunane er positive til det grønne skiftet og trongen for elektrifisering av samfunnet.

Kommunane vil oppmode Straumnettutvalet til å vurdere om nye kraftintensive verksemder bør få insentiv til å lokalisere nær kraftverka, der det kan vere aktuelt. På starten av 1900 talet blei det etablert industri på Rjukan, Notodden, Odda, Sauda mv. Desse plassane har framleis mykje kraftintensive verksemder, sjølv 100 år seinare.

Fordelar med auka lokalt forbruk er fylgjande:

- Meir verdiskaping skjer lokalt gjennom ny industriproduksjon
- Det blir færre naturinngrep når ein slepp å oppgradere/bygge nye linjer
- Ein sparer økonomiske kostnader til nytt nett som privatkundar og næringsliv må betale
- Ein reduserer nettapet

3. Bruk av konsesjonskraft

Vertskommunar med konsesjonspliktige kraftverk har rett til å ta ut inntil 10 % av produksjonen som konsesjonskraft. Nokre kommunar har i dag problem med å ta ut heile potensialet av konsesjonskraft, fordi kraftmengda er reservert til prosjekt i andre område.

Kommunane vil be straumnettutvalet gjere ei vurdering av om det i framtida bør presiserast at uttak av konsesjonskraft lokalt er ein rett av høg prioritet.

4. Reservasjon av kraft

Vi har døme på store verksemdar som reserverer kraft. Reservasjon av kraft bør vere for avgrensa periodar, slik at ein berre kan reservere eit visst tal år fram i tid. Verksemdar som reserverer kraft bør betale ein pris for reservasjonen av krafta. Prisen kan vere basert på mengde, lengde av reservasjon og ledig kraft i området.

Kviteseid, 31. januar 2022

Venleg helsing
Vest-Telemarkrådet
Notodden kommune
Hjartdal kommune

Halvor Homme
Regionordførar

Anne Aasmundtveit
Regionrådsleiar